

Utbetring av Uskedal skule

07.09.2011

**FRP slår seg på brystet og seier at no er det Uskedal skule sin tur til å verta opprusta.
Det velgarane må merka seg er at FRP i sitt budsjettforslag ikkje har lagt inn ei einaste
krone til utbetring av skulen vår.**

Venstre saman med fleirtalkoalisjonen har i økonomiplanen (langtidsbudsjettet)
lagt inn at ein dei neste 2 åra skal nytta 15 mill. kroner på utbetring av Uskedal skule.

Sjølv om det på møtet i Aktivitetshuset på mandags kveld vart opplyst om at
Rådmannen ikkje visste kva ein skulle nytta
pengane til, kan vi vera trygge på at dei 15 mill kronene vert nytta
slik leiar/lærarar/tekniske tenester meiner er best utnytting av midlane.

Underteikna er stolt av kva Venstre har klart å kjempa seg til av
midlar til Uskedal skule for dei to neste åra.

Kjell Yri
Ordførarkandidat Venstre